

Saksframlegg

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/8715-1

Sogn og Fjordane Holding AS - ny konstruksjon**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet ynskjer ei endring i organiseringa av Sogn og Fjordane Holding AS i tråd med vedlagte utkast til nye vedtekter for selskapet.
2. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som kandidat til Sogn og Fjordane Holding AS sitt nye styre for perioden:
3. Fylkesutvalet ber styret om å legge til rette for ei ekstraordinær generalforsamling om vedtektsendring og val av nytt styre.
4. Nytt styre trer i kraft frå vedtektene sine føresegner om styresamansetting er endra og nyval er meldt Føretaksregisteret. Det nye styret vert peika ut for resten av valperioden 2015-2019 og fram til første ordinære generalforsamling etter denne perioden.

Vedlegg:

- Notat til fylkesutvalet 22. juni 2016
- Gjeldande vedtekter for selskapet
- Utkast til nye vedtekter

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Sak 109/15

SAKSFRAMSTILLING**1. Samandrag**

I tilknytning til arbeidet med regionreforma og intensjonsplanen for ein mogleg Vestlandsregion, har ynskje om å overføre aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) til Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) aktualisert seg på nytt. Dette har igjen reist spørsmålet om endra organisering av SFH. Styret i selskapet har handsama sak om ein enklare konstruksjon, og i det høve må FU ta stilling til framlegg til vedtektsendingar og peike ut nytt styre i selskapet.

2. Bakgrunn for sakaHistorikk

I samband med valsaka skulle FU peike ut nye styremedlemmar i SFH, men gjorde slikt vedtak i sak 109/15:

Fylkesutvalet ber om å få framlagt ei sak der Sogn og Fjordane Holding AS vert organisert på tilsvarande måte som F1 Holding AS.

FU har seinare gjort vedtak om å utsetje nytt styreval til ny organisering av selskapet er klar i samband med at fylkesrådmannen la fram eit notat i møte 22. juni 2016, sjå sak 68/16, nr 1:

«Vedtak: Styremedlemene i Sogn og Fjordane Holding AS held fram inntil vidare».

Styret si handsaming av sak om enklare organisering

Styret i selskapet har etter dette gjennomført eit styremøte 11.11.16 der følgjande vedtak er gjort i sak «Ny styringsorganisering i Sogn og Fjordane Holding AS»:

1. *Styret i Sogn og Fjordane Holding AS orienterer fylkesutvalet om endra organisasjonsstruktur for selskapet.*
2. *Styret i Sogn og Fjordane Holding AS legg slik vedtektsendring fram for generalforsamlinga:*
 - a) *§5 - Styre*
Selskapet skal ha eit styre med éin medlem. Selskapet sin styreleiar åleine teiknar firmaet. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune peikar ut kandidatar til selskapet sitt styre.
 - b) *Ny §6 - Representasjon i eigarorgan i Sogn og Fjordane Energi AS*
Fylkesordføraren representerer Sogn og Fjordane Holding AS på generalforsamling og eigarmøte i Sogn og Fjordane Energi AS
 - c) *Ny §7 – Overdraging av aksjar*
Overdraging av aksjar i selskapet krev ikkje samtykke frå styret. Overdraging av aksjar i selskapet utløyser ikkje forkjøpsrett for andre aksjeeigarar i selskapet.
 - d) *Ny §8 - Generalforsamling*
På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål behandlast og avgjerast: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, under dette utdeling av utbyte Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.
 - e) *Ny § 9 - Aksjelov*
Elles gjeld den til kvar tid gjeldande aksjelov.

Andre opplysningar

Etter at generalforsamlinga har vedteke naudsynte vedtektsendringar og peika ut nytt styre, må endringane meldast til Føretaksregisteret før endringane trer i kraft.

3. Vurderingar og konsekvensar

Dagens organisering av selskapet

FU peika i sak 64/14 ut følgjande kandidatar til styret for Sogn og Fjordane Holding AS , for perioden juni 2014 til juni 2016:

Styreleiar: Åshild Kjelsnes, nestleiar: Anders Ryssdal, medlem: Noralv Distad
Varamedlem i prioritert rekkefølge: 1. Nils P. Støyva 2. Anita Nybø 3. Marit Barsnes Krogsæter.

Det er ikkje tilsett dagleg leiing i selskapet. Utgangspunktet i aksjelova i slike tilfelle er at styret har ansvar for den daglege leiinga. Administrasjonen i Sogn og Fjordane Energi AS har utført fleire administrative oppgåver i samband med at dei fører rekneskap og leverer sjølvmelding for selskapet, disponerer selskapets bankkonto og syt for at naudsynte styremøte og ordinær generalforsamling vert gjennomført.

Ny organisering

Styret i SFH ønskjer at selskapet skal ha ein enklare konstruksjon, m.a. som ei oppfølging av habilitetsutfordringane dagens ordning inneber for dei av fylkestingsrepresentantane som har roller i selskapet.

Det er meininga at fylkesordføraren framleis skal vere fylkeskommunen si eigarutsending til SFE AS. Dette ligg som ein føresetnad for styret si handsaming av saka.

Ved handsaming av sak om ny organisering er det ikkje teke stilling om selskapet skal tilsette dagleg leiar i selskapet. Dette vil selskapet sitt styre saman med generalforsamlinga avgjere etter at endringane har trådt i kraft. Utgangspunktet i slike tilfelle er at styret har ansvar for den daglege leiinga. Det er ynskjeleg at styreleiar tek hand om oppgåver som å kalle inn til styremøte og generalforsamlingar i selskapet og levere sjølvmelding på vegne av selskapet. Det kan vere aktuelt å inngå avtale om oppgåver knytt til dagleg leiing med styreleiar som vert valt. Utover dette er det hensiktsmessig at administrasjonen i SFE held fram med å føre

rekneskaper og disponere bankkonti, samt bidra til gjennomføring av ordinær generalforsamling og andre møte i selskapsorgan ved behov. Administrasjonen i SFE er positive til å halde fram med dette, men vi held enno på å avklare om det rettsleg sett let seg gjere. Alternativt kan oppgåva uførast anten ved at fylkeskommunen handterer oppgåva sjølv eller at tenesta vert kjøpt eksternt. Endeleg vil administrasjonen i fylkeskommunen vere involvert i høve reint merkantile oppgåver, som t.d. arkivering.

Vurdering

Føremålet med selskapet tilseier at det er hensiktsmessig med ein enklare konstruksjon der rollene som styreleiar og dagleg leiing av selskapet vert lagt til ein person. Som eit ledd i arbeidet med enklare konstruksjon har styret vedteke å førebu sak for generalforsamlinga der tiltaket er ei vedtektsendring om styresamansetting og eigarutsendingar til generalforsamling i SFE AS. Saka føreset at fylkesordføraren held fram som eigarutsending i SFH. Eg har ingen innvendingar til styret sitt forslag til endra organisering av selskapet og meiner det svarar godt på FU sitt vedtak i sak 109/15.

Utpeiking av nytt styre

For at vedtektsendringa om styresamansetting skal ha ein forenklande effekt, fordrar det at styreleiar også er den som utfører oppgåvene som er naudsynt for å forvalte den daglege leiing av selskapet.

Aksjelova opnar for ei slik løysing, jf. ordlyden i asl. § 6-2 (1). Her er utgangspunktet at forvaltninga av selskapet høyrer under styret sitt ansvar, jf. asl. § 6-12. Det er med andre ord opp til styret å organisere ei forsvarleg forvaltning av selskapet. Styret kan velje om dei organiserer selskapet med dagleg leiar eller forvaltar ansvaret sjølv.

I F1 Holding utøver styreleiar Jan Øhickers rolla som dagleg leiar gjennom sitt konsulentfirma Vidsyn Rådgivning AS. F1 Holding AS har tilsvarande organisering som styret i SFH no har vedteke for selskapet. Fylkeskommunen sine føremål med desse to holdingselskapa er like. Fylkesrådmannen tillet seg ut frå dette å lansere Jan Øhickers som nytt styre og styreleiar for SFH når vedtektene om styresamansetting er endra og meld til Føretaksregisteret. Eg tek likevel ikkje hans namn inn i tilrådinga til vedtak, jf. vanleg praksis i slike tilfelle. Dersom hans namn skulle bli teke inn i vedtaket, vil det – formelt sett – innebære at rolla som styreleiar og funksjonen som dagleg leiar vert lagt til same person, men då regulert gjennom avtalen med Vidsyn Rådgivning AS.

Delegeringsreglementet

Det følgjer av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement, punkt 4.1, at:

«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte mv. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delebert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»

Det følgjer vidare av punkt 4.5 at:

«Fylkesutvalet har mynde til å vedta at fylkeskommunen skal vere med som opprettar ved oppretting av stiftingar, kjøpe aksjar i aksjeselskap eller lutar/medlemskap i andre selskap. Likeeins kan fylkesutvalet vedta sal av aksjar og oppseiing av medlemskap i selskap.»

Sett i samanheng med eigarmeldinga sine retningsliner for innhenting av eigarsignal frå FU er det utvalet som er rett organ til å gje eigarsignal om endringar i vedtekter for selskapet. Det følgjer av eigarmeldinga punkt 3.2.1 at FU er det operative eigarorganet, som eigarutsending til eit selskap kan vende seg til for å få signal i forbindelse med gjennomføring av eigarmøte og generalforsamlingar.

Val av styre og vedtektsendring i aksjeselskap etter aksjelova

Det følgjer av aksjeselskapslova (asl.) § 6-3 at styret i eit aksjeselskap blir valt av generalforsamlinga. Styret har høve til å peike ut styrets leiar med mindre valet blir gjort av generalforsamlinga, jf. asl. § 6-1, andre avsnitt, jf. selskapet sine vedtekter. Det følgjer av asl. § 6-1 (2) at dersom styret har eitt medlem, vert han eller ho rekna som styreleiar.

Etter asl. § 6-6 har ein styremedlem ei tenestetid på to år. Vedtektene til selskapet kan sette tenestetida kortare eller lenger, men ikkje meir enn 4 år. Vedtektene til SFH seier ikkje noko om styremedlemmane si tenestetid. Som utgangspunkt gjeld då lova sine reglar. Det hindrar ikkje FU i å peike ut ein kandidat for ein periode på meir enn 2 år. Det har vore FU sin intensjon at dei utpeikte representantane skal sitte som styremedlemmar ut ein fylkeskommunal valperiode, slik at dei sit fram til neste ordinære generalforsamling etter.

Valet av nytt styre og styreleiar (jf. vedtektsendringa) gjeld ut inneverande fylkeskommunal val-periode 2015-2019. Nytt val må gjerast etter at ny fylkeskommunal valperiode byrjar.

Det er generalforsamlinga som vedtek ei vedtektsendring, jf. asl. § 5-18. Avgjerda krev tilslutning frå minst to tredelar av både stemmene.

Eigarmelding 2016

I Eigarmeldinga 2016 går det fram av punkt 2.5.1 flg. kva eigenskapar og kompetanse FT ynskjer at fylkeskommunale styrerepresentantar skal ha.

I tråd med eigarmeldinga følgjer fylkeskommunen sine utpeikinga av medlemmer til ulike styre den fylkeskommunal valperiode, slik at det først er generalforsamling våren etter ny valperiode som vel nytt styre.

Kjønnsrepresentasjon i styret

Det er krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap, jf. kommunelova § 80a. Reglane om kjønnsrepresentasjon i asl. § 20-6, 1. avsnitt gjeld likevel ikkje for styre med éin medlem.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår FU til å godkjenne utkast til vedtektsendringar som legg til rette for enklare organisering av selskapet i tråd med FU sitt vedtak i sak 109/15. Vidare rår fylkesrådmannen FU til å peike ut ein ny representant til styret i Sogn og Fjordane Holding AS for resten av valperioden 2015-2019. Fylkesrådmannen gjev vidare tilråding om at FU peikar ut ny styreleiar for selskapet. Endeleg gjev fylkesrådmannen tilråding om at FU ber styret i Sogn og Fjordane Holding AS sørgje for innkalling til ekstraordinær generalforsamling for nyval av styremedlem og styreleiar.